



Omvikdalen

Årsmelding 2024-2025

Årsmøte 1. oktober 2024

Før årsmøtet fortalte Andreas Ølvestveit i 4H om arbeidet med etablering av 4H i Gambia.

Årsmøtesakene vart godkjent og vedtekne.

Styret 2024/2025

Leiar: Esther Falk

Styremedlemmar:

Helga Fossheim

Else Mari Huse

Karoline Helleland Sahr

Karin Thauland

Benthe Bondhus

Varamedlem:

1. vara Mette Guddal
2. vara Marianne H. Gausvik
3. vara Grethe Brundtland

Turnemnda:

Ingvill G. Sæberg

Jane Omvik

Revisorar:

Elin Valland Haugen

Kirsten B. Hellingsrud

Valnemnd:

Mette Hjelmeland

Anne Beth Enes

Aud Helene Øen

Strikkekafeen:

Kirsten Bjørnebøle

Tove K. Apeland

Gerd Hjelmeland

Varamedlemmar:

Line H. Sundal
Silje K. Guddal

Bunadskafé:

Gerd-Laura Bondhus
Line H. Sundal

Varamedlemer:

Heidi Chr. Andreassen
Venke E. Ølvestveit



Bilde frå årsmøte 2024. Foto: Aud-Helene Øen.

Styret sitt arbeid:

7 styremøte, 1 styreseminar

Regionale bygdekvinne møte:

5. april: Bygdekvinne streif på Bruvik. 7 medlemar frå OBK deltok.
8. mars: Distriksårsmøte. 4 medlemar frå OBK deltok.

Turar og bygdekvinnetreff:

17. oktober: Bunadskafé
24. oktober: Strikkekafé
7. november: Bunadskafé
25. november: Bunadskafé
25. november: Strikkekafé
27. november: Adventstreff i Dalheim. Tema for kvelden var pyntegrønt og gjenbruk. Else Mari og Marianne pynta og laga ulike dekorasjonar. Mange hadde teke med seg mykje fint frå skog og hage. Det blei servert julabrød og kaffi, underhaldning og song.
28. november: Bunadskafé
28. november: Strikkekafé
12. desember: Bunadskafé
23. januar: Bunadskafé

25. januar: Bruktmarknad og baklukesal på Seim. Grunna uvêr, vart baklukesalet flytta inn i gangen. Gymsalen var fylt opp av seljarar som hadde med seg ulike typar klede. Til tross for vêret, var det ein del folk innom. Kafé med god bakst lokkar nok òg.

30. januar: Strikkekafé

12. februar: Bygdekvinnetreff. Laget feira utdeling av Kulturprisen med tidlegare leiar og medlemmane i laget.

13. februar: Bunadskafé

20. februar: Strikkekafé

6. mars: Strikkekafé

10. mars: Montering av vimplar til "Strikk på dalen"

12. mars: Bunadskafé

22. mars: Strikk på dalen: Eit svært vellykka arrangement, med mykje gode tilbakemeldigar. Det var flott oppmøte og engasjement.

Ved evaluering etter arrangementet er ein samd om nokre ting som kan forbetrast, blant anna kommunikasjon og å ha ein som er ansvarleg for det tekniska.

3. april: Bunadskafé

5. april: Bygdekvinnestreif på Osterøy

1. mai: Bunadskafé

22. mai: Bunadskafé

28. august: Bunadskafé

18. september: Bunadskafé

23. september: Medlemsmøte. Treff med sopp som tema. 16 damer møttes ved lavvoen i Åsen. Då Kvinnherad sopp & sånt måtte melde fråfall, tok Else Mari over og losa både tydeleg og fint gjennom ulike soppar og kvar vi kunne finne dei. Vi slutta av med grilling av pølser og god drøs rundt bålpanna.

Turgruppa:

19. november: Hausttur i baronihagen

18. februar: Kveldstur til Sjethaug

7. mai: Tur til Skånevik

13. august: Blåbærtur i Landalia

17. september: Tur til Hardanger Folkemuseum

23. september: Sopptur på Åsen

Turen til Hardanger folkemuseum vart utsett til august 2026. Då vil vi besøka museet på Utne og på Aga i opningstida sånn at vi kan følgje dei spennande omvisningane dei har der. Elles har det vore kjekke turar i godt selskap.

Turgruppa tek gjerne imot innspel frå medlemmene om kor dei vil ta turen neste gang.



Utdeling av kulturprisen. Foto: Marianne H. Gausvik

Samarbeid med andre partar:

20. oktober: Pynting til hausttakkefest i Kvinnherad kyrkje

23. november: Koking og sal av graut på "Jul i Rosendal"

14. desember: Sal av graut på "Jul i Toragarden"

10. april: Arrangement i lag med Helselaget i Gurinefjero. Foredrag om sosial helse med Rehorst Kalsås.

2. mai, 5., 12., 19., og 26. juli: Sal av mjelkekaker i gamlajakjøkenet på Baroniet. Dette var eit samarbeid om kulturformidling mellom Baroniet og bygdekvinnelaget. Fyrste helga i mai og alle laurdagar i juli var tre-fire damer i full sving med å steike mjelkekaker, servere kaffi, og ikkje minst fortelje om tradisjonsmat og bygdekvinnelaget sitt arbeid. Eit kjekt prosjekt som gav litt blæst om laget. Vi får godtgjersle i form av årskort til dei som deltok, og gratis hus for adventsmøte før jul. Tilbakemeldinga frå Baroniet har vore gode!

22. august: Servering av lappar, kaffi og saft til FLOR pop-up butikk på Hjelmeland, i samband med Bondelaget.



"Strikk på Dalen". Foto: Gerd-Laura Bondhus

Kurs:

25. og 26. januar: Kurs i syng av damevest til bunad.

Matlaging:

20. oktober: Middag i barnehagen
19. november: Middag i barnehagen
21. januar: Middag i barnehagen
18. mars: Middag i barnehagen
24. april: Festmiddag i barnehagen

Lesering:

Leseringen er eit samarbeid med Kvinnherad bibliotek. 6 medlemar møter omlag 1 gang i månaden. Ein i gruppa henter boksett på biblioteket og distribuerar til dei andre. Ein møtast tein gong i månaden for drøfting av boka ein har lese samt drøys om stort og smått som opptek oss. Møtene vert haldne heime hos deltakarane og går på omgang mellom medlemmene i gruppa. Vertinna for møtet sørger for kaffi/te og noko lite å bite i. Til jul- og sumaravslutning spleiser vi på vin.

Stønad og gaver til og frå laget:

17. desember: Utdeling av kulturpris på Gry Helges. Styret deltok.
13. januar: Levert 21 par babysokkar på helsestasjonen
12. november: Gåvebrev frå Sparebank 1-stiftinga til OBK for matkunnskap i barnehagen på kr 21 000. Esther Falk og Astrid Bjørnebøle Hass deltok på utdelinga.



Frå bunadskafé. Foto: Gerd-Laura Bondhus.

Omvikdalen, 3. oktober 2025.

Skrivar,

Karoline Helleland Sahr